# ll Jons. M. L. Kydland

Om smågute-pøykane las eg i «Strilen»
eit rim so va dokta te æra for oss.
Da va ikkje fritt eg laut draga på smilen,
sjøl om eg syns du va stri, kjære Johs.
Eg synest du måla v e l svart.
Me vert ikkje «vaksne» so snart.
Eg veit mange pøykje so slett ikkje røykje,
so sandelæ trur eg du tokta for hart.

Dei vaksne dei veit vel kor allting ska væra,
(men enige e dei no ikkje for da).
Dei veit ka me smågute-pøyka ska jæra,
so me og vert snølle å sjokka oss bra.
Ja, varnagla lyt me vel ha,
— eg fekk eidn to—tre her i sta—
men da vel eg seia, at om de kan teia
å tola litt, då går allti so bra.

Å skudla på andre for gale me jore,
da lika me ikkje, da e ikkje bra.
Da kan eg kje tru at de jære, de store,
å lik deka vøl me no vera i da.
La presten få røykja i fre.
Ja, prosten å dåktaren me.
Å skudle me sjå at dei tok seg ei skrå,
ska me udna dei da, adle tre.

PØYK